

ÅRSMELDING 2020


FJOTLAND SOKN



Årsmeldinga er vedtatt av Fjotland sokneråd sak 003/2021,10.02.2021

Innholdsfortegnelse:

- A. INNLEDNING v/leder**
- B. MENIGHETENS FRIVILLIGE OG ANSATTE**
- C. DE ULIKE ARBEIDSGRENENE**
- D. TROSOPPLÆRING**
- E. VOKSENARBEID**
- F. DIAKONI/MISJON**
- G. KIRKEMUSIKK**
- H. ØKONOMI**
- I. INFORMASJONSARBEID**



A.

Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2020

Me har allereie skrive 2021 ei tid og det er på tide å sjå tilbake på året 2020 i ei årsmelding.

Året 2020 har vore eit svært spesielt år i heile verda og det har òg prega kyrkja i stor grad. Då pandemien, covid 19, stengte landet vårt i mars fekk me oppleve tider det var vanskeleg å sjå føre seg. Det har prega arbeidet i kyrkja på ein stor måte og ein har måtta tenka kreativt for å fortsetja å oppfylle det som er den viktigaste oppgåva vår; å tena og næra kristenlivet i bygda.

Den største aktiviteten me driv er gudstenestene og derfor er det naturleg at denne blir jobba mest med og forsøkt å bli så god den kan for å næra kristenlivet i soknet. Dette året dreiv me som normalt fram til mars månad.

Då pandemien stengte landet vårt i mars blei det som tidlegare nemnt vanskeleg å driva gudstenester. Flinke medarbeidere på kyrkjekontoret tenkte kreativt og kom raskt i gong med å senda digitale gudstenester. Frå Fjotland blei det sendt ei gudsteneste med Natalie Helle (12 år) og Linnea Egeland Versland (13) som flinke meddeltakarar. Me sendte òg kveldsbønn digitalt eit par gonger. Etter kvart blei det litt opning for å halda gudstenester med 50 menneske samla. Då kunne me opna opp for gudstenester med godt system med informasjon av deltakarar og gjester. Det var flott at konfirmantane sin gudsteneste med etterfølgjande fest og konfirmasjonsgudsteneste kunne gjennomførast om enn med begrensing på antall. I tillegg blei jula gjennomført med påmelding til to gudstenester julafta, i tillegg til ei samling 1. juledag og 2. juledag. Også desse med påmelding. Alle gudstenestane som blei gjennomført med det antall som var lov.

Av aktivitetar som skjer utanom gudstenesten kan nemnast kveldsbønn og konsertar. I tillegg blir det halde andakt på Fjotland omsorgsenter. Dette året har ein ikkje arrangert noen konsertar.

I november fullførte me arbeidet med å bytta misjonsprosjekt. Ønsket denne gongen var å velge eit prosjekt som har noe lokal forankring. Valet fall då på «Star of hope» med særleg vekt på arbeidet som blir gjort i Romania. I «Star of hope» er Lena Gallatin og familien hennar medarbeidarar.

2020 var eit år der ingen medarbeidarar slutta i jobben sin, men Ådne Svalastog «bytta» jobb med Geir Kalleberg fram 1. aug. 2021. Dette har fungert greitt og me tykkjer det er fint med alle dei som er med på å gjera gudstenestene til gode opplevingar.

Me vil i denne årsmeldinga takka alle som bidreg både frivillige og tilsette. Me er takknemlege for alt arbeid som blir gjort for og i kyrkjelyden vår. Ei erfaring me sit igjen med etter erfaringane dette året er at me saknar gudstenestefellesskapet. Sjølv om digitale sendingar er eit flott alternativ kan det ikkje erstatta det å kunna møtast til fellesskap.

For Fjotland Sokneråd

Marit Homme

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Marit Homme, Espen Rogstad, Birgitte Kvinlaug, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl Harbakk Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Heidi Lindefjeld, Sverre Elgvin Lied

GUDSTJENESTEUTVAL

Judith Kvelland Rogstad, May Britt Helle, Heidi Lindefjell, Sissel Eftestøl Harbakk, Sverre Elgvin Lied. Organist Ådne Svalastog var med fram til 30.juni 2020. Geir Kalleberg startet 1.august

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Marit Homme, Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Vara: Sissel Eftestøl Harbakk, Birgitte Kvinlaug

KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

MENIGHETSBLADET TREKLING(Felles):

Leiv Gunnar Skiftun (red) og Merete Breimoen.
Per Øistein Rogstad er grafisk medarbeider.

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Feda og Fjotland: Sverre Elgvin Lied
Sokneprest i Kvinesdal: Leiv Gunnar Skiftun frem til 1.nov.
Ny sokneprest Gunn Hanne Elvebakk frå 1.november.
Diakonimedarbeider: Frank Arne Hammerø
Trosopplærer: Cathrine Rafoss Aagedal
Organister: Ådne Svalastog fram til 30.juni og Geir Kalleberg overtok 1.august.
Ilze Junzeme ansatt frå 15.sept som organist i Kvinesdal.
Kyrkjevevje: Per Øistein Rogstad
Adm. sekr: Turid Nedland
Sekretær: Sylvi Vatland
Kyrkjegardsarbeidarar: Djoerd Van Kammen, Terje Vatland
Kyrkjetener i Fjotland: Espen Rogstad
Kyrkjetener/kyrkjevert i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell ,Tor Alsvik, Jenny Alsvik
Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

GUDSTENESTENE

År		2016	2017	2018	2019	2020
Antall gudstenester		35	32	33	34	30
Gj.snitt gudstenestebesøk		59	54	53	61	40
Gj.snitt nattverdgjester		29	21	32	31	29
Samla offergåver		77568	68854	85350	100791	103832
Dåp		10	4	7	5	8
Konfirmerte		6	9	0	6	8
Vielser		2	2	2	3	0
Gravferd		11	14	8	11	2

GUDSTENESTENE

Gudstenesta er kyrkjelydens hovudsamling. Det er derfor stadig vårt mål å få fleire med på gudstenestene. Mellom anna har vi hatt fokus på involvering av barn og unge i gudstenestene og at det skal være tilbod om sundagsskole på dei fleste 11-gudstenestene – når det ikkje er familiegudsteneste.

På grunn av koronasituasjonen har mange gudstenester vorte avlyste og erstatta med digitale videogudstenester som har vore felles for alle tre sokn. Det har heller ikkje vore mogleg å gjennomføre sundagsskole som planlagt. Når det har vore mogleg å kome fysisk saman til gudsteneste, har det i store deler av året vore med en maxsgrense på 50. I lys av denne spesielle situasjonen, seier ikkje tala for 2020 så veldig mykje om den generelle oppslutninga om gudstenestene.

Talet på gudstenester på søn- og heilagdag totalt (30) er noko misvisande, da dette også inkluderer egne dåpsgudstenester haldne i tillegg til dei ordinære kyrkjelydsgudstenestene. Når det gjeld julaftan, var det to gudstenester med maks 50 på kvar. Begge desse var fulle. Heilskapsinntrykket frå tidlegare år er at situasjonen er ganske stabil i Fjotland sokn.

GUDSTENESTEUTVAL

Gudstenesteutvalet har hatt 4 møter. Det har vore fokus på å legge til rette for auka deltakelse (uansett alder) i gudstenestene og det har vore sundagsskule under prekenen.

Fleire songsolistar i alle aldrar har vore med på å løfta gudstenestene. Dessutan har det vore med ein flott gjeng med forsangere på fleire gudstenester. Nytt av året var at konfirmantane fekk ei ekstra helsing frå soknerådet (trekors med velsigninga).

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 6 møter og behandla 24 saker.

D.TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det meste av kyrkje-skolesamarbeidet måtte avlysast grunna koronasituasjonen. Det gjeld følgjande:

- Utdeling av NT til 5. klasse og bibelkurs på skulen etterpå.
- Påskevandring med 1. og 2. trinn i kyrkja
- Besøk i kyrkja med 3. og 4. trinn: arkitektur og symbol (normalt i april/mai)
- Skulegudstenesta før jul

FAMILIEGUDSTENESTER

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringar dette året. Det har vore opp imot 100% oppmøte på alle desse utdelingane.

Grunne korona var det litt færre familiegudstenester dette året, men born ifrå Fjotland var med på ein streama familiegudsteneste.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skodespel, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og dei tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas budskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

Fjotland barnehage var med på julevandring.

BABYSANG

Babysong er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysong er på menighetssenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. I løpet av året er det innom ca. 40 babyar med mødre/fedre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysong.

LYSVAKEN

Det blei dette året gjennomført Lysvaken første helga i Februar. Det var 8 stk som var med på overnatting. På Lysvaken hadde me aktivitetar, planla gudsteneste, åt taco og såg film. Det var veldig gøy at me endeleg fekk til overnatting i Fjotland igjen.

TÅRNAGENTAR

Det var ikkje Tårnagenthelg i Fjotland dette året. Tårnagenthelg blir arrangert anna kvart år.

HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN

Grunna korona blei det ikkje arrangert Heilt på jordet dette året.

BARNESAMLINGER PÅ NETT

Det blei sendte fleire samlinger for born på menigheten si facebook-side i koronatida. Det var samlinger både påske og pinse. Cathrine Agedal og Martin Agedal leda samlingene., som hadde gode visningstall og mange som deltok aktivt i konkurransar.

KONFIRMANTAR

Konfirmantkullet 2019-20

Det var 9 konfirmantar dette året. Konfirmantane har hatt noko undervisning i Kyrkjestova rett etter skoletid, og noko på kveldstid på Menighetssenteret i Kvinesdal, i fellesskap med resten av konfirmantkullet her, og med ungdomscafé i kjellaren etterpå. Dette har fungert godt. Dei har elles hatt eit variert undervisningsopplegg, med besøk av eksterne aktørar, deltaking i ulike arrangement, involvering i gudstenester (bl.a. lysmesse og ungdomsgudsteneste) og ikkje minst heimegrupper som et viktig element. Vi retter en stor takk til Sissel og Tom Arnold Lindefjeld, som hadde jentegruppa, og Judith og Per Øistein Rogstad, som hadde guttegruppa.

Da koronasituasjonen slo inn i mars måtte ein del av dei planlagde samlingane avlysast. Desse vart erstatta med digital undervisning i form av Sjømannskirkas opplegg «Nettkonfirmant». Oppslutninga om den digitale undervisninga var svært varierande i gruppa. Det planlagde høgdepunktet, KRIKs store sommarleir i Bø, måtte også avlysast grunna korona. Men vi fekk gjennomført samtalegudsteneste med konfirmantfest i august og konfirmasjon i Fjotland kyrkje søndag 6. september.

Konfirmantkullet 2020-21

9 konfirmantar starta opp i haust, og har i hovudsak følgd same mal som tidlegare. I lys av korona har det vorte ein del endringar. Mellom anna har det vore lite felles samlingar med Kvinesdal-konfirmantane. Stort sett har Fjotland hatt eigen undervisning. Det har heller ikkje blitt heimegrupper

E. UNGDOM/VOKSENARBEID

KRIK

KRIK Kvinlog pleier å samles annenhver fredag kl 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagte samlinger finnes på www.kvinlogbedehus.no, og på facebookside. Samlingene er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsomme stafettar, konkurransar og ballspill. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avslutter med ein konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres en vinner gjennom året som gikk. I sommer var vi også på Knabekniben (via ferrata).

F. MISJON

MISJONSPROSJEKT

«Fotball krysser grenser» Misjonsalliansen er frå 25.11.2017 til 26.11. 2020.

Det er i år samla inn 12.500. Dette kommer godt med, og utgjør en stor forskjell.

Ein har også hatt ei ekstra Facebookinnsamling til prosjektet «Saman som kyrkje i verda». Nytt prosjekt STAR OF HOPE er kommet i gang, det er vedtatt at det skal gå frå oktober 2020 til oktober 2022. Det ble samla inn kr 6700 til det nye prosjektet.

G. KYRKJEMUSIKK/KONSERTER

Forsangerkoret har delteke på fleire gudstenester.

Konserten i Netlandsnes kapell er òg blitt eit fast innslag som mange kjem for å vera med på år etter år, men dette året måtte det avlysast på grunn av Covid19.

Synge jula inn ble gjennomført med fleire lokale aktørar og maksgrense på 50 tilstades.

H. ØKONOMI

REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokneråd	2020	2019
Disposisjonsfond pr. 01.01.	684	3952
Søndagskole	7500	
Overskudd	24924	
Underskudd		3269

Rekneskapen hadde eit mindreforbruk/overskot for soknerådet for 2020 på kr 24.924.

Ofringar og gaver (tall for 2019 og 2018 i parantes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 24.339 (21.946, 15.785)
Kyrkjeofringar til andre	kr 79.493 (78.845, 69.565)

I. INFORMASJON

Nettside og sosiale medier

Treklang, nettsiden www.kvinesdal.kirken.no og aktivitet på sosiale medier, er kyrkjelydens viktigaste informasjonskanaler. Treklang blir lest av veldig mange. Også i 2020 blei det eit godt overskot for bladet som kommer kyrkjelydane til gode. Kyrkja si nettside blei relansert hausten 2018 med sikker adresse og nytt design. Vi vurderer stadig korleis sida kan bli betre.

Alle kyrkjelydane har nå eigne facebooksider. Pr 2.2.2021 har facebooksidene følgjande antal «liker», eit år tidlegare i parentes: Kvinesdal 543 (320), Fjotland 321 (257) og Feda 286 (199).

Menighetssenteret har egen side med 495 liker (418). Fjotland etablerte på tampen av året ein konto på instagram.

ÅRSMELDING TREKLANG 2020

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2020 (2019 i parantes) med i alt 4 (4) nummer med 96(96) sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og sette fokus på positive ting fra vårt lokalmiljø. Vi ønsker også å løfte fram enkeltpersoner og tiltak som bygger felleskap. Gjennom Treklang har folk fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på de innspill som kommer til stoff som ønskes i bladet

Bladet ble trykket i flerfarge-trykk hos Fuglseth Trykkeri.

Redaksjonen har i 2020 har bestått av Leiv Gunnar Skiftun (red) og Merete Breimoen. Preben Forgard Lindland har hatt ansvaret for å finne noen til å skrive «Min tro» og «Min salme». I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Grafisk medarbeider har vært Per Øistein Rogstad.

Merkantilt ansatte ved kirkekontoret har hatt regnskapsansvar og sendt ut brev til annonsører. Leiv Gunnar Skiftun gikk ut av redaksjonen i forbindelse med at han har sluttet som prest. Det er arbeidet med å få på plass ny redaksjon fra første nummer i 2021.

Regnskapet blir ført under Kvinesdal Menighetsråd og revideres sammen med menighetsrådets regnskap. Regnskapet 2020 viser et **overskudd på kr. 44.517** (33.606). Trykke-kostnader var kr. 69.368 (71.761), mens porto var kr. 38.020 (32.758). **Inntektene** består av frivillige gaver til bladets drift kr. 116.420 (105.200), samt annonser kr. 39.200 (41.200). Et solid driftsfond sikrer god likviditet, og gir grunnlag for videre satsing. Etter vedtak i styret deles overskudd mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Etter vedtak i Treklang sitt styre går et evt. overskudd til diakoniarbeidet i menighetene.

Bladet er et viktig bidrag til informasjon om ting som skjer i menighetene. Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.

For redaksjonen:

Leiv Gunnar Skiftun (redaktør)

PS.

Som redaktør og medarbeider i redaksjon gjennom over 25 år vil jeg takke for interessante og utfordrende oppgaver i Treklang. Jeg har gledet meg over tilbakemeldinger fra leserne, og over at bladet også har gitt et godt overskudd til tiltak i menighetene. Jeg ønsker bladet alt godt videre.

Leiv Gunnar Skiftun